

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.02.2017**

Alexander Fosse Andersen (SP) sette fram fylgjande forslag som eit tillegg til fylkesrådmannen forslag til innstilling:

*«Med bakgrunn i innspela over vil Hordaland fylkeskommune særleg framheve kor viktig det er at fylkeskommunal eigarskap og forvaltaransvar vert vidareført, at finansieringa av dei offentlege fagskuletilboda vert styrka, at det kjem på plass gode overgangsordningar mellom fagskule- og UH-sektoren og det blir betre rammer for internasjonaliseringssarbeidet. Hordaland fylkeskommune ønskjer at fagskulane skal vere ein viktig regional aktør i høve til kompetanseheving, omstilling og innovasjon, og forslaga i stortingsmeldinga vil gje svært gode føresetnader for å oppnå dette».*

### **Røysting:**

Alexander Fosse Andersen (SP) forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hordaland fylkeskommune gjev innspel til Kirke-, utdannings-, og forskningskomitéen i samband med Stortingsmelding 9 *Fagfolk for fremtiden - Fagskoleutdanning* slik det går fram av saka.

Med bakgrunn i innspela over vil Hordaland fylkeskommune særleg framheve kor viktig det er at fylkeskommunal eigarskap og forvaltaransvar vert vidareført, at finansieringa av dei offentlege fagskuletilboda vert styrka, at det kjem på plass gode overgangsordningar mellom fagskule- og UH-sektoren og det blir betre rammer for internasjonaliseringssarbeidet. Hordaland fylkeskommune ønskjer at fagskulane skal vere ein viktig regional aktør i høve til kompetanseheving, omstilling og innovasjon, og forslaga i stortingsmeldinga vil gje svært gode føresetnader for å oppnå dette.

**Rosalind Fosse (FrP)** sette fram fylgjande oversending til fagskolestyret:

*«Saken oversendes fagskolestyret. Utvalg for opplæring og helse ber styret gi utvalget et notat vedrørende styrets syn på dimensjonering og finansiering ihht. stortingsmeldingen.»*